Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Ingrid Torsnes, 5557 2320

Vår dato
14.12.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2013/6846 461.5
Dykkar referanse

Statens Vegvesen - Region Vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Rapport frå inspeksjon hos Statens vegvesen 31. oktober 2016

Rapportnummer: 2016.043.I.FMHO

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå Statens vegvesen:
Arne Elvik
Kelly N. Iversen
Knut Langeland
Jostein Hårklau
Silje Skarsten
Naomi Paulsen

Frå Implenia Norge AS:
Ole-Henning Davik
Claes Svarød
Anne Gundersen
Silje Marie Vasstein

Frå Fylkesmannen:
Astrid Holte og Ingrid Torsnes

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader frå inspeksjonen. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fann 2 avvik under inspeksjonen innan følgjande tema:

- Utslepp til vatn
- Internkontroll

Avvika er nærare omtalt frå side 3 og utover i rapporten.

Statens vegvesen Region vest må sende ei skriftleg stadfesting innan **1. april 2017** på at avvika er retta. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side to.

Med helsing

Astrid Holte
senioringeniør

Ingrid Torsnes
senioringeniør

Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Bergen kommune	Postboks 7700	5020 Bergen
Implenia Norge AS	Skeievegen 76	5239 Rådal

1. Informasjon om verksemda

Namn: Statens vegvesen Region vest	**Risikoklasse:** 3
Besøksadresse: Skeievegen 76 (hos Implenia Norge AS) og anleggsområdet i Hordnesskogen	
Postadresse: Askedalen 4, 6863 Leikanger	
E-post: firmapost-vest@vegvesen.no	**Telefon:** 971 31 241
Kommune: Bergen	**Organisasjonsnr.:** 974 740 621
Bransjenr. (NACE-kode): 84.130	**Eigar (org.nr.):** 971 032 081
Løyve sist oppdatert: 24. februar 2016	**Siste tilsyn:** -

2. Bakgrunnen for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i utsleppsløyvet eller i medhald av forureiningslova med forskrifter blir haldne. Inspeksjonen er ein del av vår tilsynsplan for 2016.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- Internkontroll med vekt på risikovurdering, avvikshandtering og skriftlege rutinar for ytre miljø
- Oppfølging av løyve av 28. april 2015, sist endra 24. februar 2016
- Utslepp til vatn, grunn, luft og støy
- Utfyllingsplan og handtering av overvatn
- Handtering av avfall inkludert farleg avfall

3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar snarast å rette opp avvika som er omtalt i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan **1. april 2017** sende ei skriftlig tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvik er retta, gjerne med bildedokumentasjon.

Varsel om tvangsmulkt
Dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon på at avvika er retta innan **1. april 2017**, vil Fylkesmannen vurdere å fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

I vedtaket om tvangsmulkt blir det sett ein ny frist for å sende inn dokumentasjon. Dersom denne fristen ikkje blir heldt, må verksemda betale tvangsmulkta. Ei eventuell tvangsmulkt vil vere på 50 000 kroner.

Verksemda kan kommentere dette varselet. Eventuelle kommentarar må sendast til Fylkesmannen innan to veker etter at denne rapporten er motteken, jf. forvaltningslova § 16.

4. Kontrollgebyr

Statens vegvesen skal betale gebyr for kontrollen, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Verksemda er i løyvet plassert i risikoklasse 3. Dette betyr at de skal betale 12 500 kroner for den gjennomførte inspeksjonen. Miljødirektoratet sender faktura.

5. Offentleggjering

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for ålmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på www.fylkesmannen.no/hordaland, jf. offentleglova.

6. Dokumentunderlag

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- avfallsforskrifta
- internkontrollforskrifta
- løyvet av 28. april 2015, sist endra 24. februar 2016

Informasjon om regelverket finn de på www.miljodirektoratet.no og www.regelhjelp.no.

Definisjonar

- **Avvik**: brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevnaden (til dømes brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad**: eit forhold som miljøvernstyresmaktene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Nokre vilkår i løyvet er ikkje følgt

Avvik frå: Utsleppsløyve av 28. april 2015, sist endra 24. februar 2016

Kommentar til regelverket:
Mottak av massar
I punkt 1.1 om massekvalitet står det at løyvet berre omfattar mottak av sprengstein frå utbyggingsprosjektet frå ny europaveg mellom Os og Bergen. Det står særskilt at det ikkje er lov til å ta i mot forureina jordmassar.

Prøvetaking og grenseveridar
I utsleppsløyvet punkt 3.1 er det sett krav om at avløpsvatn etter reinseanlegg maksimalt skal innehalde 50 mg/l suspendert stoff og 5 mg/l NH_4^+. Prøver av avløpsvatnet skal takast etter reinsanlegget og før utslepp til bekk.

Utsleppspunkt
I punkt 3.3 er det krav om at utsleppspunkt etter reinsing vest i utfyllingsområdet skal vere nedstraums Ragn-Sells AS sitt reinsebasseng.

Driftstid
I punkt 7.3 om driftstidsavgrensingar står det at massehandtering ikkje er tillate på natt (23-07)

Prøvetaking av slam
I punkt 9.2 i løyvet står det at slam frå sedimenteringsbasseng, reinseinretningar og sandfang skal analyserast og leverast godkjent mottak

Avviket er basert på følgjande observasjonar:
Mottak av massar
Det vart under tilsynet opplyst at det har vore eit tilfelle av mottak av forureina massar i tilstandsklasse 3 (pga. innhald av PAH) frå Ulrikstunnelen. Mottak av massane er handtert som avvik, og levert til deponi i Stendafjellet.

Prøvetaking og grenseveridar
Prøvetaking av avløpsvatn blir ikkje utført etter reinseanlegg og før utslepp til bekk, sjå bilde. Nye prøvetakingspunkt var planlagt.

Det var etablert kontinuerleg overvaking av alle regulerte parameterar i bekk i vest og sør. Overvakinga viste at innhald av suspendert stoff og NH_4^+ i bekkane for det det meste låg under konsesjonsgrensa for avløpsvatn, men verdiane var i nokre tilfelle høgare. Dette er ein indikasjon på at konsesjonsgrensa har vore overskriden for avløpsvatnet. Statens vegvesen var usikre på om sprengsteintippen var kjelde til dei høge verdiane, eller om det kunne vere andre årsaker.

Utsleppsstad
Utsleppsstad frå området i vest er ikkje ferdig etablert nedstraums Ragn-Sells AS sitt reinseanlegg i samsvar med utsleppsløyve, sjå bilde.

Driftstid
Ved tilsynet vart det opplyst at aktiviteten på tippen i nokre tilfelle hadde starta før kl. 0700.

Prøvetaking av slam
Ved tilsynet vart det opplyst at det i samband med vedlikehald av reinsebasseng vart tømt slam frå bassenget, men at det ikkje vart tatt prøver for analyse før levering til FSG. Vitek stod for tømminga.

Avvik 2: Verksemda har manglar ved internkontroll for ytre miljø

Avvik frå: Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6 og 8

Kommentar til regelverket:
Risikovurdering for ytre miljø
Ei risikovurdering skal kartleggje problem og fare for utslepp til ytre miljø og innehalde planar og tiltak for å redusere risikoen. Risikovurderinga skal omfatte alle aktivitetar som kan føre til forureining av vatn, grunn og luft.

Systematisk gjennomgang av internkontrollen
Verksemda skal gjennomføre systematisk overvaking og gjennomgang av internkontrollen for å sikre at han fungerer.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:
Verksemda har laga ei omfattande risikovurdering. Statens vegvesen har ikkje oppdatert risikovurderinga etter at dei fekk nye krav i utsleppsløyvet etter klageavgjerd i 2016.

Ved oppdateringa bør verksemda bruke Norsk Standard eller tilsvarande metode for risikovurdering.

8. Merknader
Vi har ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

9. Bilde

Målepunkt oppstraums Ragn-Sells AS sitt reinsebasseng

Avløpsleidning frå REN02 er under bygging